 - Det må føreligge ein skriftleg avtale.
6. Deling av tomter: Framlegget er ikkje er i tråd med føremålet i jordlova. Det er viktig at drifts- og miljømessige omsyn framleis vert vurdert. Fylkeskommunen meiner regelverket ikkje bør endrast.
 7. Driveplikt: Fylkeskommunen støttar framlegg til endringar, med unnatak om framlegget om å fjerne krav om driftsmessig gode løysingar.
 8. Reglar om tilskot: Fylkeskommunen støttar dette framlegget. Dette er ei forenkling av gjeldande regelverk.

Endringsframlegg:

Høgre sette fram slikt framlegg:

Regjeringas framlegg til høyring om lov om konsesjon, lov om jord og lov om odelsrettar og åseterrettar må stå slik den ligg føre frå Regjeringa.

Kristeleg Folkeparti fremma følgjande endringsframlegg:

Nytt punkt 1. (erstattar punkt 2, som går ut)

Fylkeskommunen meiner det bør leggast meir vekt på samfunnsmessige vurderingar av framlegga og føremåla i lovverket. Høyringsframlegget manglar viktige vurderingar av kva verknader dei ulike framlegga til lovendringar vil ha for landbruket og samfunnet. Det er kjent at talet på gardar og jord som går ut av drift er større i område utan priskontroll og buplikt. Ved td å heve grensa til 35 da og 3,5 mill. vil ein stor del av gardane på Vestlandet falle utanfor priskontrollen. For Sogn og Fjordane åleine gjeld dette 1109 gardar. Det vil legge til rette for at fritidsinteresser og kapitalinteresser går framfor jord- og skogbruksinteresser, og det vil gjere det vanskelegare for unge bønder som vil kjøpe og drive gard.

Punkt 1 i innstillinga frå hovudutvalet for næring og kultur vert nytt punkt 2.

Venstre fremja fylkesrådmannen si tilråding.

Avrøysting:

Det vart først røysta over framlegget frå Høgre. Dette fekk 1 røyst, frå Bjørn Hollevik, og fall.

Vidare vart det røysta over framlegget frå Venstre. Dette fekk 1 røyst, frå Gunhild Berge Stang, og fall.

Det vart så røysta alternativt over tilrådinga frå hovudutvalet for næring og kultur og tilrådinga frå hovudutvalet for næring og kultur med dei endringar som kjem fram i framlegget frå Kristeleg Folkeparti.

Tilrådinga frå hovudutvalet for næring og kultur med dei endringar som går fram i framlegget frå Kristeleg Folkeparti fekk 7 stemmer. Jenny Følling, Sigurd Reksnes, Aleksander Øren Heen, Trude Brosvik, Åshild Kjelsnes, Hilmar Høl og Helen Hjertaas røysta for.

Framlegget frå hovudutvalet for næring og kultur fekk 2 røyster. Gunhild Berge Stang og Bjørn Hollevik røysta for.

Tilrådinga frå hovudutvalet for næring og kultur med dei endringar som går fram av delrøystingane vart vedteken mot 1 røyst. Bjørn Hollevik røysta mot.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har følgjande innspel til lovframlegget:

1. Fylkeskommunen meiner det bør leggst meir vekt på samfunnsmessige vurderingar av framlegga og føremåla i lovverket. Høyringsframlegget manglar viktige vurderingar av kva verknader dei ulike framlegga til lovendingar vil ha for landbruket og samfunnet. Det er kjent at talet på gardar og jord som går ut av drift er større i område utan priskontroll og buplikt. Ved td å heve grensa til 35 da og 3,5 mill. vil ein stor del av gardane på Vestlandet falle utanfor priskontrollen. For Sogn og Fjordane åleine gjeld dette 1109 gardar. Det vil legge til rette for at fritidsinteresser og kapitalinteresser går framfor jord- og skogbruksinteresser, og det vil gjere det vanskelegare for unge bønder som vil kjøpe og drive gard.
2. Eigeomsretten er viktig, men omsynet til den som skal leve av å produsere mat, bør vege tyngre enn omsynet til den som ønskjer å selje.
3. Arealgrensene for konsesjon og odell: Fylkeskommunen stør ikkje framlegget om å endre arealgrensene. Det er viktig med arealgrensar for konsesjon og buplikt, og me vil minna om at bruk også opptil 25 dekar er drivverdige innan til dømes frukt- og bærneringane.
4. Fylkeskommunen meiner det ikkje bør gjerast endringar i regelverket om priskontroll. Priskontroll er viktig for å sikre eigarskap som er lokalt forankra, og ein eigarstruktur for både skog- og jordeigedomar som kjem dei som vil bu på og drive eigeomen til gode.
5. Meir deling og sal av tilleggsjord kan ha positive sider m.a. for å redusere leigejordandelen i landbruket. Framlegget er for omfattande og gjev eit for stort frislepp. Fylkeskommunen kan deling av eigeodomar under fylgjande føresetnader:
 - Eigar deler frå tun på ikkje meir enn fem dekar, og sel resten av eigeomen i sin heilskap til ein som ervervar den som tilleggsjord eller –skog til eigen eigeodom.
 - Eigeomen som ervervar jordbruksarealet må vere i aktiv drift av eigar av eigeomen.
 - Den som ervervar må vere eigar av tilgrensande eigeodom for å redusere omfanget av ein spreidd teigstruktur, sikre rasjonelle driftshøver og reduserte klimautslepp i form av redusert transportbehov.
 - Eigeomen ervervaren har frå før må vere av ein storleik som gjer at erverva areal kan reknast som tilleggsjord, ikkje som oppkjøp av fullverdig driftseining.
 - Det må føreligge ein skriftleg avtale.
6. Deling av tomter: Framlegget er ikkje er i tråd med føremålet i jordlova. Det er viktig at drifts- og miljømessige omsyn framleis vert vurdert. Fylkeskommunen meiner regelverket ikkje bør endrast.
7. Driveplikt: Fylkeskommunen støttar framlegg til endringar, med unnatak om framlegget om å fjerne krav om driftsmessig gode løysingar.
8. Reglar om tilskot: Fylkeskommunen støttar dette framlegget. Dette er ei forenkling av gjeldande regelverk.

SAK 92/16 Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget legg intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar ut på ei brei, offentleg høyring i perioden 26.10.–23.11.16.

2. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at fylkestinga i Rogaland og Hordaland også legg intensjonsplanen ut på høyring i sine fylke. Dersom ikkje alle tre fylkestinga gjer vedtak om høyring, og gjennom høyringsvedtaket signaliserer at prosessen for å realisere Vestlandsregionen held fram, får fylkesutvalet fullmakt til å vurdere om Sogn og Fjordane fylkeskommune skal starte ein dialog med fylkeskommunar som ønskjer å vurdere moglege nye regionløysingar.
3. Fylkestinget i Sogn og Fjordane tek sikte på å gjere vedtak i høve vidare arbeid med regionreforma i desember 2016. Då vil ein ta stilling til om det er aktuelt å sende ein felles søknad til Stortinget om samanslåing av Sogn og Fjordane fylkeskommune med andre fylkeskommunar.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet la fram følgjande framlegg til vedtak:

1. Fylkestinget legg intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar ut på ei brei offentleg høyring der alle får høve til å sende høyringssvar i perioden 26.10.-23.11.16.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at fylkestinga i Rogaland og Hordaland også legg intensjonsplanen ut på høyring i sine fylke. Dersom ikkje alle tre fylkestinga gjer vedtak om høyring, får fylkesutvalet fullmakt til å vurdere om Sogn og Fjordane fylkeskommune skal starte ein dialog med fylkeskommunar som ønskjer å vurdere moglege nye regionløysingar.
3. Fylkestinget legg til grunn at nynorsk vert administrasjonsspråk som ei naturleg følge av omtalen av nynorsk som viktig identitetsbyggjar.
4. Fylkestinget i Sogn og Fjordane tek sikte på å gjere vedtak i høve vidare arbeid med regionreforma i desember 2016. Då vil ein ta stilling til om det er aktuelt å sende ein felles søknad til Stortinget om samanslåing av Sogn og Fjordane med andre fylkeskommunar.

Avrøysting:

Fylkesutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget legg intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar ut på ei brei offentleg høyring der alle får høve til å sende høyringssvar i perioden 26.10.-23.11.16.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at fylkestinga i Rogaland og Hordaland også legg intensjonsplanen ut på høyring i sine fylke. Dersom ikkje alle tre fylkestinga gjer vedtak om høyring, får fylkesutvalet fullmakt til å vurdere om Sogn og Fjordane fylkeskommune skal starte ein dialog med fylkeskommunar som ønskjer å vurdere moglege nye regionløysingar.
3. Fylkestinget legg til grunn at nynorsk vert administrasjonsspråk som ei naturleg følge av omtalen av nynorsk som viktig identitetsbyggjar.
4. Fylkestinget i Sogn og Fjordane tek sikte på å gjere vedtak i høve vidare arbeid med regionreforma i desember 2016. Då vil ein ta stilling til om det er aktuelt å sende ein felles søknad til Stortinget om samanslåing av Sogn og Fjordane med andre fylkeskommunar.

SAK 93/16 Utgreiing av fylkesmannen sin framtidige struktur - høyringsfråsegn

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at fylkesmannsembetet får ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur.
2. Det vert lagt til grunn at fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane.

Endringsframlegg:

Fylkesordføraren kom med framlegg om nytt punkt 3:

3. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har lang og brei erfaring i å utvikle digitale løysingar og tenester, og har høg fagleg kompetanse. Nye arbeidsformer og digitalisering er eit viktig verkemiddel for ei framtidsretta forvaltning.

Avrøysting:

Fylkesrådmannen si tilråding og framlegget frå fylkesordføraren om nytt punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at fylkesmannsembetet får ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur.
2. Det vert lagt til grunn at fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane.
3. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har lang og brei erfaring i å utvikle digitale løysingar og tenester, og har høg fagleg kompetanse. Nye arbeidsformer og digitalisering er eit viktig verkemiddel for ei framtidsretta forvaltning.

SAK 94/16 Lærdal kommune - kommuneplan sin samfunnsdel - høyring

VEDTAK:

1. Fylkeskommunen meiner kommuneplanen tek tak i sentrale utfordringar for Lærdal kommune som samfunn og organisasjon.

2. Planframlegget bør i større grad prioritere mellom kva konkrete tiltak som må gjennomførast. Planframlegget tek i litt for liten grad opp kva oppgåver kommunen må samhandle med andre kommunar eller regionalt nivå om for å sikre ei god utvikling
3. Fylkeskommunen viser til dei regionale planane som arena for innspel og samarbeid
4. Fylkeskommunen ønskjer å vidareføre den gode dialogen med Lærdal kommune gjennom Sogn regionråd for å finne samarbeidsløysingar på område der fylkeskommunen kan bidra.

SAK 95/16 Innspel til Stortingsmelding om bærekraftige byer og sterke distrikter

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylke har særlege utfordringar i det å bygge sterke distrikt slik meldinga legg opp til. Meldinga må difor bygge opp under;
 - 1.1. Bygge sterkare og meir attraktive bu-, arbeids- og serviceområde som motverkar ei nasjonal sentralisering.
 - 1.2. Skape gode vilkår for berekraftig vekst i næringslivet.
 - 1.3. Skape betre rammevilkår for lokal samfunns- og næringsutvikling i mindre sentrale strøk.
 - 1.4. Utvikle trygge lokalsamfunn med gode tenester til innbyggjarane. Verkemidla må vere målretta for å utløyse distrikta og regionane sitt potensiale for berekraftig vekst.
2. Målretta og effektive investeringar, drift og vedlikehald av infrastruktur knytt til transport på land, til sjøs og i lufta, samt breiband/fiber/radio, er nøkkelfaktorar for regionforstørring og styrking av bu-, arbeids- og serviceområde (BAS) i distrikta.
3. Verdiskapingspotensialet og berekraftig vekst i ulike næringar må utviklast ved tilrettelegging frå det offentlege, styring gjennom rammevilkår og tilpassa skatte- og avgiftspolitikkk. I tillegg verkar heilskapleg samfunnsplanlegging, både på regionalt og kommunalt nivå, inn på mogelegheitene til næringslivet. Arbeidsmarknads-, kunnskaps- og næringsregionane må bli større gjennom meir effektiv infrastruktur.
4. Regionen må få ei omstilling til fossilfri økonomi og følgje opp dei nasjonale måla. Utsleppsreduksjon og behov for klimatilpassing bør inkluderast sterkare i alt planarbeid på alle nivå.
5. Eit fleirkulturelt samfunn gjev utfordringar når det gjeld inkludering og deltaking. Kommunane, NAV, lokalt næringsliv og frivillig sektor har utfordringar som for innvandrarar generelt handlar om språkopplæring og deltaking i samfunns- og arbeidslivet. Forvaltningsnivåa må arbeide meir målretta og samordna viss inkluderinga skal verte vellukka.
6. Det er kvinneunderskot i distrikta. Offentleg og privat sektor må setje i verk tiltak for å auke distrikta sin attraktivitet generelt, og for den store gruppa med utdanna kvinner som er i arbeidsmarknaden.
7. Samspelet mellom utdanningsfeltet og samfunnet må utviklast slik at det er godt samsvar mellom behov og studieplassar. Finansiering og styring av høgskular og universitet må bidra til å utvikle betre kopling mellom utdanning og regionalt arbeidsliv. Sogn og Fjordane er eit pilot-fylke for betre kunnskapsgrunnlag og vil gjennom regional plan for kompetanse og arbeidskraft, førebu moglege tiltak for å styrke samhandlinga regionalt.

8. Den statlege lokaliseringspolitikken må nyttast som distriktpolitisk verkemiddel. I eit distrikts-politisk perspektiv må veksten fordelast betre, og vi foreslår ei lokal og regional sentralisering for å motverke den nasjonale sentraliseringa. Slik kan ein også utløyse distrikta sitt potensiale for kunnskaps- og kompetanseutvikling på viktige nasjonale område.
9. Regionreforma og by- og distriktpolitikken bør sjåast i nær samanheng. Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylkeskommunar har i eit felles forventingsbrev av 15.03.16 uttalt at vi må få eit tungt ansvar for både utviklingsoppgåver og tenesteproduksjon innan regionreforma.
10. Regionale planstrategiar vil gje eit svært relevant fundament for meldinga, då desse både inneheld hovudutfordringar og strategiar for den enkelte region og er utforma med brei medverknad av regional stat, kommunar og lag/organisasjonar.

Endringsframlegg:

Fylkesrådmannen gjorde merksam på ein feil i tilrådinga:

I pkt. 7 står det m.a. «... regional plan for kompetanse og arbeidskraft ...». Det korrekte skal vere « ... regionalt arbeid med kompetansestrategiar ...».

Arbeiderpartiet la fram følgjande endringsframlegg:

Forslag til ny tekst punkt 5:

Eit fleirkulturelt samfunn har store verdiar. Samstundes har det utfordringar med inkludering og deltaking. Kommunane, NAV, lokalt næringsliv og frivillig sektor er dei som står nærast dei konkrete utfordringane som for innvandarane ofte handlar om språkopplæring og deltaking i samfunns- og arbeidslivet. Forvaltningsnivåa må arbeide meir målretta og samordna viss inkluderinga skal verte vellukka.

Framlegg til tillegg punkt 9

Ny siste setning: Ein føreset også at det regionale folkevalde nivået framleis skal ha ansvar for vidaregåande opplæring og kollektivtransport.

Kristeleg Folkepart kom med følgjande tillegg til punkt 7

...høgskular, universitet og forskingsmiljø...

Arbeidarpartiet og Kristeleg Folkeparti la fram forslag om nytt punkt 8:

Den statlege lokaliseringspolitikken må nyttast som distriktpolitisk verkemiddel. I eit distriktpolitisk perspektiv må veksten fordelast betre. Slik kan ein også utløyse distrikta sitt potensiale for kunnskaps- og kompetanseutvikling på viktige nasjonale område.

Offentlege styresmakter må styre energien og marknadskreftene som allereie er til stades i sentrale strok, for å sikre felles verdiar og kraftsamling kring utvikling. Offentlege styresmakter må også la eldsjeler og eldmiljø få friare spelerom i dei mindre sentrale stroka og ikkje å gå i vegen for positiv energi og utviklingskraft.

Avrøysting:

Punkt 1-4 i tilrådinga til fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke.

Framlegg til nytt punkt 5 vart samrøystes vedteke.

Punkt 6 i tilrådinga til fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke.

Punkt 7 i tilrådinga til fylkesrådmannen med det tillegg som går fram av endringsforslaget vart samrøystes vedteke.

Framlegg til nytt punkt 8 vart samrøystes vedteke.

Punkt 9, inkludert tillegg som går fram under endringsframlegga, vart samrøystes vedteke.

Punkt 10 i tilrådinga til fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylke har særlege utfordringar i det å bygge sterke distrikt slik meldinga legg opp til. Meldinga må difor bygge opp under;

- 1.1. Bygge sterkare og meir attraktive bu-, arbeids- og serviceområde som motverkar ei nasjonal sentralisering.
 - 1.2. Skape gode vilkår for berekraftig vekst i næringslivet.
 - 1.3. Skape betre rammevilkår for lokal samfunns- og næringsutvikling i mindre sentrale strøk.
 - 1.4. Utvikle trygge lokalsamfunn med gode tenester til innbyggjarane. Verkemidla må vere målretta for å utløyse distrikta og regionane sitt potensiale for berekraftig vekst.
2. Målretta og effektive investeringar, drift og vedlikehald av infrastruktur knytt til transport på land, til sjøs og i lufta, samt breiband/fiber/radio, er nøkkelfaktorar for regionforstørring og styrking av bu-, arbeids- og serviceområde (BAS) i distrikta.
 3. Verdiskapingspotensialet og berekraftig vekst i ulike næringar må utviklast ved tilrettelegging frå det offentlege, styring gjennom rammevilkår og tilpassa skatte- og avgiftspolitikkk. I tillegg verkar heilskapleg samfunnsplanlegging, både på regionalt og kommunalt nivå, inn på moglegheitene til næringslivet. Arbeidsmarknads-, kunnskaps- og næringsregionane må bli større gjennom meir effektiv infrastruktur.
 4. Regionen må få ei omstilling til fossilfri økonomi og følgje opp dei nasjonale måla. Utsleppsreduksjon og behov for klimatilpassing bør inkluderast sterkare i alt planarbeid på alle nivå.
 5. Eit fleirkulturelt samfunn har store verdiar. Samstundes har det utfordringar med inkludering og deltaking. Kommunane, NAV, lokalt næringsliv og frivillig sektor er dei som står nærast dei konkrete utfordringane som for innvandrarane ofte handlar om språkopplæring og deltaking i samfunns- og arbeidslivet. Forvaltningsnivåa må arbeide meir målretta og samordna viss inkluderinga skal verte vellukka.
 6. Det er kvinneunderskot i distrikta. Offentleg og privat sektor må setje i verk tiltak for å auke distrikta sin attraktivitet generelt, og for den store gruppa med utdanna kvinner som er i arbeidsmarknaden.
 7. Samspelet mellom utdanningsfeltet og samfunnet må utviklast slik at det er godt samsvar mellom behov og studieplassar. Finansiering og styring av høgskular, universitet og forskingsmiljø må bidra til å utvikle betre kopling mellom utdanning og regionalt arbeidsliv. Sogn og Fjordane er eit pilot-fylke for betre kunnskapsgrunnlag og vil gjennom regionalt arbeid med kompetansestrategiar, førebu moglege tiltak for å styrke samhandlinga regionalt.
 8. Den statlege lokaliseringspolitikken må nyttast som distriktspolitisk verkemiddel. I eit distriktspolitisk perspektiv må veksten fordelast betre. Slik kan en også utløyse distrikta sitt potensiale for kunnskaps- og kompetanseutvikling på viktige nasjonale område.

Offentlege styresmakter må styre energien og marknadskreftene som allereie er til stades i sentrale strok, for å sikre felles verdiar og kraftsamling kring utvikling. Offentlege styresmakter må også la eldsjeler og eldmiljø få friare spelerom i dei mindre sentrale stroka og ikkje å gå i vegen for positiv energi og utviklingskraft.
 9. Regionreforma og by- og distriktspolitikken bør sjåast i nær samheng. Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylkeskommunar har i eit felles forventingsbrev av 15.03.16 uttalt at vi må få eit tungt ansvar for både utviklingsoppgåver og tenesteproduksjon innan regionreforma.
Ein føreset også at det regionale folkevalde nivået framleis skal ha ansvar for vidaregåande opplæring og kollektivtransport.
 10. Regionale planstrategiar vil gje eit svært relevant fundament for meldinga, då desse både inneheld hovudutfordringar og strategiar for den enkelte region og er utforma med brei medverknad av regional stat, kommunar og lag/organisasjonar.

SAK 96/16 Fylkeskommunal overtaking av innkjøp av ferjetenester mellom Barmsund og Barmøy i Selje kommune

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommunen overtek ansvaret for innkjøp av ferjetenester på strekninga Barmsund – Barmøy i Selje kommune.
2. Selje kommune får kjøpe opsjonsruter i samsvar med retningslinjene i FT-sak 11/10.
3. Ved ei eventuell overtaking av ferjekaiene har Selje kommune ansvar for at kaiene er i tilfredsstillande stand og godkjend til ferjedrift på overtakingstidspunktet.

SAK 97/16 Reglement og rutinar for finans- og gjeldsforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Reglement for finans- og gjeldsforvaltninga for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vedteke i samsvar med vedlegg 1, med verknad frå 1. januar 2017.
2. Rutinar for finans- og gjeldsforvaltninga for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vedteke i samsvar med vedlegg 2, med verknad frå 1.januar 2017.

Endringsframlegg:

Venstre la fram følgjande framlegg til tilleggspunkt:

Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen førebu ei politisk sak om grøn finansforvaltning i Sogn og Fjordane fylkeskommune i løpet av fyrste halvår 2017. Føremålet med grøn finansforvaltning er å gi ein betre klima- og miljøeffekt av fylkeskommunen sine finansplasseringar utan at dette går ut over avkasting og risiko. Døme på grøn finansforvaltning kan vere reglar som hindrar eller avgrensar plassering av finansporteføljen i selskap innanfor fossil energi/industri, eller auka bruk av grønne obligasjonar.

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke.

Vidare vart det røysta over Venstre sitt framlegg om tilleggspunkt. Dette fekk 1 røyst, frå Gunhild Berge Stang, og fall.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Reglement for finans- og gjeldsforvaltninga for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vedteke i samsvar med vedlegg 1, med verknad frå 1. januar 2017.
2. Rutinar for finans- og gjeldsforvaltninga for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vedteke i samsvar med vedlegg 2, med verknad frå 1.januar 2017.

SAK 98/16 Lærlingar i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt mål som lærebedrift er primært å sikre at søkjarar med ungdomsrett etter opplæringslovens § 3-1 frå Sogn og Fjordane får tilbod om læreplass.
2. Fylkeskommunen bør ha 22 stillingsheimlar for tilsetjing av lærlingar og lære kandidatatar.
3. Dei økonomiske konsekvensane bør innarbeidast i budsjett 2017 og økonomiplan 2017-20.

Endringsframlegg:

Arbeiderpartiet kom med følgjande framlegg til endringar:

Punkt 2: erstatte ordet **bør** med skal ha minst 22 stillingsheimlar

Punkt 3: erstatte ordet **bør** med vert å innarbeide

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen med dei endringar som kjem fram under endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt mål som lærebedrift er primært å sikre at søkjarar med ungdomsrett etter opplæringslovens § 3-1 frå Sogn og Fjordane får tilbod om læreplass.
2. Fylkeskommunen skal ha minst 22 stillingsheimlar for tilsetjing av lærlingar og lære kandidatatar.
3. Dei økonomiske konsekvensane vert å innarbeide i budsjett 2017 og økonomiplan 2017-20.

SAK 99/16 Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS - lenging av låneavtale

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkeskommunen lengar låneavtalen for det rente og avdragsfrie lånet på 1,0 mill. kr til Opplæringsfartøy AS med to år, med gjeldande vilkår.
2. Ved sal av fartøyet før 2018, vil lånet krevjast tilbakebetalt.

SAK 100/16 Tertialrapport 2/2016

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2016

- 1 Budsjettert fylkesskatt vert auka med 5,000 mill. kr.
- 2 Lokale inntekter vert redusert med 1,250 mill. kr.
Ekstraordinære avdrag vert redusert tilsvarande.
- 3 Sentralt budsjetterte midlar til pensjon vert redusert med 20,000 mill. kr.
- 4 Driftsmidlar til investering vert auka med 0,500 mill. kr.
- 5 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning vert redusert med 2,600 mill. kr med slik fordeling:

Teneste 4000 Utgiftert til fylkestinget, utval og ordførar vert auka med 1,000 mill.kr.

Teneste 4200 Administrasjon vert redusert med 3,300 mill. kr

Teneste 4801 Personalforsikringar vert redusert med 0,300 mill. kr.

- 6 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 18,450 mill. kr med slik fordeling:

Teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg vert redusert med 1,000 mill. kr.

Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert redusert med 5,330 mill. kr.

Teneste 5151 Fellesutgifter vert auka med 1,690 mill. kr.

Teneste 5152 Eleveksamen vert redusert med 0,400 mill. kr.

Teneste 5200 Pedagogisk leing mv. vert auka med 1,340 mill. kr.

Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 9,000 mill. kr.

Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 3,000 mill. kr.

Teneste 5611 PP-tenesta vert redusert med 0,400 mill. kr.

Teneste 5613 Oppfølgingstenesta vert redusert med 0,100 mill. kr.

Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert redusert med 2,400 mill. kr.

Teneste 5901 Privatisteksamen vert auka med 0,400 mill. kr.

Teneste 5903 Karriererettleing vert redusert med 0,250 mill. kr.

- 7 Sektorbudsjettet til næring og kultur, teneste 7500 Kulturminnevern, vert auka med 0,400 mill. kr.
- 8 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved avsetjing til bufferfond med 45,150 mill. kr.

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2016

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 2.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 3.

C. Andre område

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 4 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga i vedlegg 5 vert teken til vitande.

SAK 101/16 Skriv og meldingar 28. september 2016 - oppdatert

VEDTAK:

- 1: Lokalisering av politiets lønn- og regnskapsenhet
- 2: Rapport Samfunnseffektar av endringar i fylkeskommune og regional statsforvaltning
- 3: HV11 må styrkast, ikkje leggest ned

VEDTAK:

Heimevernet må styrkast

Tysdag 7.september 2016 gjekk det ut eit brev til forsvarskomiteen på Stortinget, underskrive av alle ordførarane i Sogn og Fjordane, der ein stiller eit klart og eintydig krav om HV 11 må styrkast, ikkje leggest ned.

Kommunane i Sogn og Fjordane sitt klare krav er at Stortinget, i handsaminga av Langtidsplanen for Forsvaret, Prop. 151S (2015-2016), seier nei til regjeringa sitt framlegg om nedbygging av heimevernet i Sør-Noreg og nedlegging av HV11.

På vegne av Sogn og Fjordane Fylkeskommune stiller fylkesutvalet seg heilt og fullt bak det samla oppropet frå eit fulltalig ordførarkorps i fylket. I staden for å kutte den einaste forsvarseininga vi har i landsdelen, vil vi på det sterkaste oppmode om at det i staden for vert lagt til rette for ei styrking av heimevernet.

-----//-----

- 4: Helse Førde og KS-utvalet: Barnehus i Sogn og Fjordane

VEDTAK:

Fylkesutvalet støttar opp om arbeidet med å etablere ein «satellitt» av barnehuset i Bergen i Sogn og Fjordane og ber om at fylkesordføraren følgjer opp dette arbeidet.

-----//-----

- 5: TV-aksjonen NRK Røde Kors 2016

VEDTAK:

Fylkesutvalet løyver kr 70 000 til TV-aksjonen, med dekning frå kontoen «fylkesutvalet til disposisjon.

-----//-----

- 6: Vestlandsrådet 2017

- 7: Eid vgs - areal for opplæring til nykomne flyktingar og asylsøkjjarar

7a: Planteikning

7b: Illustrasjon

7c: Brev til Eid kommune 23.08.16

7d: Brev frå Eid kommune 30.08.16

VEDTAK:

Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen legg fram notatet om tilbygg til Eid vgs. til neste fylkesutvalsmøte, 17. oktober.

-----//-----

8: Nordland fk: Innspill til revisjon av inntektssystemet knyttet til regionreformen

9: Nordland fk: Innspill til arbeidet med ny kostnadsnøkkel for båt og ferje

VEDTAK:

Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen leggje fram brevet for hovudutvalet for samferdsle.

-----//-----

10: Sogn og Fjordane fk: Møte med kommunal- og moderniseringsdepartementet i høve inntektssystemet

11: E-post - Workshop regionreforma – prosjektrapport frå Nordfjordrådet og Sunnmøre regionråd

11a: Prosjektrapport Workshop Regionreforma

12: Fylkeskommunen si dokumenthandtering i Fjord1-saka

12a: Fjord1 – Pressemelding frå fylkesrådmannen

Skriv 12b, Høyringsuttale til forvaltningsrevisjonsrapport, vart ikkje handsama.

SAK 102/16 Fylkeskommunen sin eigarskap i SFE AS

VEDTAK:

1. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen, i samarbeid med SFE, vurdere korleis dei verdiar som ligg i den fylkeskommunale eigarskapen i SFE-konsernet kan bli verande i Sogn og Fjordane.
2. Fylkesutvalet ber om at ein kjem tilbake med ei mogleg løysing til fylkestinget i desember 2016. Fylkesutvalet er innforstått med at det må arbeidast vidare med saka også etter dette fylkestinget.
3. Fylkesutvalet vil seinare innstille på at det vert løyvd naudsynte midlar til dette arbeidet.
